



FAGPLAN FOR TIME KULTURSKULE

MUSIKK MELLOM LITEN OG STOR – Mflb (Musikk fra livets begynnelse)

1. Time kulturskule sin grunnmur, generell del

1.1 Lovforankring

Kulturskulen i Time komme er forankra i opplæringslova § 13-6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.»

1.2 Lokal organisering

Time kulturskule er organisert under kommunaleining for oppvekst og er ein skule for undervisning innan kunstnariske kulturelle fag.

Skulen har fem ulike fagretningar med tilbod innan musikk, dans, drama, kunstfag og skapande skriving.

Kulturskulen samarbeider med barnehage og grunnskule samt aktørar i det lokale kunst- og kulturliv. Kulturskulen er arbeidsgjevar for dirigentar og instruktørar i skulekorpsa.

1.3 Visjon for Time kulturskule

«Alle barn og unge har oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å mestre det»

1.4 Overordna mål

Time kulturskule er del av den kulturelle grunnmuren i Time kommune. Kulturskulen gir barn og unge opplæringstilbod innan musikk, kunst- og kulturfag. Verksemda bidrar til å løfte fram kunst og kultur som bærende element i det daglege liv og i samfunnsutviklinga. Kulturskulen er eit ressurscenter for kunst- og kulturverksemd i lokalsamfunnet.

1.5 Pedagogisk plattform

Time kulturskule gir tilpassa og kvalitetsbasert undervisning til barn og unge i Time kommune.

Undervisninga gir rom for læring, skapande verksemd, oppleving og formidling av kunstnariske ferdigheter.

Kulturskulen skal bidra til barn og unge si danning, fremme respekt for andre sin kulturelle bakgrunn, bevisstgjere eigen identitet og utvikle eigen livskompetanse.

Undervisninga blir gitt som allmenndannande breiddetilbod og som tilpassa opplæring etter særskilt behov eller talentutvikling.

1.6 Tildeling av elevplass

Tildeling av elevplass etter søknad, søknadsfrist er 1. mai for komande skuleår.

Elevplass i kulturskulen er eit betalingstilbod med kontingent fastsett av kommunestyret.

1.7. Arbeidsavtalar, teieplikt, politiattest, pedagogisk ansvar, rapporteringslinje

Lærarane i Time kulturskule er tilsette etter sentrale avtaleverk, men med lokalt utarbeidde arbeidstidsavtalar.

Alle tilsette i Time kulturskule er pålagt teieplikt på lik linje med anna pedagogisk personale i kommunen.

Det er krav om politiattest for tilsetting. Dette gjeld også for arbeid knytt til frivillige organisasjonar som skulekorpsa.

Det er den enkelte lærar som har pedagogisk ansvar for sin undervisning. Alle vert rettleia av kollegateam og administrasjon og rapporterer til sine overordna i Time kulturskule.

2. Rammefaktorar for undervisning

2.1 Musikk mellom liten og stor – Mflb (Musikk fra livets begynnelse)

Musikkgrupper for barn og vaksne.

Tilbod for barn 0-4 år og deira føresette/omsorgspersonar.

Undervisninga er for barn og vakse i lag. Alle barn skal ha med seg minst ein omsorgsperson.

Grupper inndelt etter barnet sin alder.

Grupper for dei yngste barna/baby på dagtid. Grupper for 1-4 år på ettermiddagstid.

Grupper for baby kan vera organisert i kortare bolkar. grupper for 1-4 år følgjer kulturskulen sine ordinære semester.

Metodikk og repertoar som følgjer barnet sin alder og utvikling.

Metodikk og repertoar i samsvar med samarbeidspartner, nasjonal interesseorganisasjon for fagområdet Musikk 0-6 år; Musikk fra livets begynnelse.

Stort undervisningsrom

Stort golv – helst i tre/parkett

God lyssetting

Lukka skap eller eige lagerrom for utstyr og instrument

Tilgjengeleg instrument og utstyr:

Piano med krakk

Avspelingsutstyr for musikk

Diverse instrument :

Instrumenta skal om mulig vera tilpassa barn i klang/lyd/utforming

Djember

Orff-instrument full skala og pentatont stemt (xylofon, klokkespill, metallofon)

Cymbalar, fingercymbal, triangel, engledryss, treblokk, rytmeinstrument med opprinnelse frå ulike land, cabasa m.m.

Følgjande instrument skal ha sett til både barn og vaksen:

Handtrommer + filtkøller

Rytme-pinner

Rasle-egg

Diverse rasleinstrument

Klangstavar A-D

Diverse effektar som ylike samla ting knytta til tema i undervisninga, dokker, fingerdokker, schiffongsjal små (til alle), schiffongsjal store, m.m...

Timeressurs minimum 45 minutt pr veke.

3. Fagplan

3.1 Musikk mellom liten og stor – Mflb (Musikk fra livets begynnelse)

Overordna mål

Gjennom aktiv bruk av song og musikk i samværet mellom liten og stor vil kulturskulen bidra til å:

Gi barnet ein god start i livet

Stimulere barnet si utvikling

Styrke tilknytninga til mellom barn og vaksne

Skape ein levande musisk møteplass basert på fellesskap mellom barn og vaksne

Målgruppe

Tilbodet er for barn i alderen frå 0 til 4 år og deira føresette eller andre nære omsorgspersonar.

Ein kan delta frå nyfødtalder til og med det året barnet fyller 4 år.

Inndeling i grupper etter alder; 0-6 månadar, 6-12 månadar, 1-2 år, 2-4 år.

Undervisningstimen

Læraren møter i god tid og tek godt i mot barn og vaksne før sjølve timen startar.

Undervisningssituasjonen skal vera forutsigbar og trygg.

Læraren motiverer og oppmuntrar til glede over deltaking, meistring, utøving og læring.

Metodikken tek utgangspunkt i at barn og vaksne skal vera aktive i lag.

Musikksamlingane har ein fast mal for metodisk innhald.

Start på timen

Organisert i hesteko/ring:

Vaksne med baby sitjande på stolar. Vaksne og barn 1-4 år sitjande på golvet.

Velkommensongar – gjenkjennings-prinsipp, samlande

Namnesong/regle – alle vert sett og syngje for, den enkelte barn et i fellesskapet

Mellomdel

Musikkgruppe for dei yngste, baby -1 år:

Rim/regler/songer liggjande i fanget/ sitjande på fanget, liggjande/sitjande på golvet.

Bærande i dans og rørsle.

Dei vaksne spelar på enkle rytmeinstrument.

Musikkgruppe for dei eldre barna, 1-4 år:

Rim/regler/songar/musikklytting med tema ut frå årstid, høgtid eller dyr, eventyr m.m.

Dans og rørsle fritt eller organisert t.d. i ring/rekke.

Speling på ulike instrument og rytmeinstrument i lag med dei vaksne, samspel og solo.

Avslutningsdel

Roleg avslapping, liggjande eller sitjande på golvet.

Farvel-songer, gjenkjennande og gjentatt over lang tid – symboliserande for avslutning på timen/samlinga.

Faste opplegg og konsertar :

Besøk på alders-instritusjonar i kommunen, song og musikksamling i lag med dei eldre.

Deltaking på kulturskulen sine konsertarrangement dersom tidspunkt/klokkeslett er passende.

Jule- og sommaravslutning med musikalsk aktivitet og sosial setting for familiane.

Nissefest før jul for 1-4 åringar og familie.

Læraren sitt ansvar

Sørgje for bruk av repertoar og metode som er tilpassa alderen på barna i musikkgruppa.

Metodikken skal ta utgangspunkt i musikalsk aktivitet for barn og vaksne i lag.

Vera godt førebudd og ha god kommunikasjon med både barn og vaksne.

Skape eit musisk fellesskap basert på tryggleik og glede.

Vektlegge samspill mellom barn og vaksne.

Kvart barn skal bli sett og få vera aktiv gjennom song, speling og rørsle.

Oppmuntre både barn og vaksne til innsats og deltaking.

Dei vaksne sitt ansvar

Møte til rett tidspunkt på timane.

Melde frå om eventuelt fråvær.

Delta aktivt og vera positivt interessert i både sitt eige barn og dei andre barna og vaksne i gruppa.

Vera merksam på barna sin musikalske respons, reaksjon og deltaking.

Gje positiv feedback til barna i gruppa.

Invitera barna til å delta i dei felles aktivitetane.

Ha ei positiv og tydeleg framfær i gruppa.

Ta i mot signal frå barnet og tilpasse aktivitet deretter.

Litteratur/Repertoar

Vi samarbeider med interesseorganisasjonen for Musikk 0-6 år, Musikk fra livets begynnelse, om oppdatert fagleg og metodisk innhald i undervisninga.

Organisasjonen har ei eiga heimeside med oppdatering av faglitteratur, kurstilbod og repertoar :

<http://www.musikkfralivetsbegynnelse.no/>